

KNIVROMMET.


Kniv har vore i vanleg bruk i Norge heilt frå steinalderen, då dei vart laga av flint og skifer. Etterkvart lærde folk seg kunsten å vinne ut jern frå *myrmalm*. Ein god smed blei ein ettertrakta mann, ofte omgitt med mystikk. Ordet smed tyder *den som kan*. Etterkvart utvikla det seg spesialistar. Smeland i Gjøvdal har truleg vore ei grend med gode smedar.



Dolk laga av flint.



Knivblad frå yngre jernalder.
Svært lik nåverande form og storleik.




Fagnamn for tollekniven.

I dette rommet er det *tollekniven* som dominerer. Namnet kjem av å telgje - spikke, arbeide med tremateriale. Når ein veit at mest alt var laga av tre i gamle dagar, kan ein trygt sei at tollekniven var den aller viktigaste reiskapen. Alle menn bar kniv i slire før. Ja, til og med trælane i vikingtida skulle ha lov til det - det var ein grunnleggjande menneskerett.


Kniven blei nok ofte òg brukt som våpen, og det er ikkje lite blod som har strøymt ut frå knivsår opp gjennom tida. Ein kniv som det var tatt liv med, ein *skakniv*, blei omgitt med mykje overtru, og kunne gå i arv i generasjonar. Det skulle nemleg vere slik at skakniven kunne stoppe blod, helbrede sår og lege utslett.

Når ein skulle ete, var det bare å ta tollekniven ut av slira - eigne bordknivar er ikkje gamle i bygde-Norge. Desse blei kalla *jungar* då dei kom. Gaffelen er endå nyare og blei ikkje vanleg i indre Aust-Agder før i dette århundret. Treskeia er derimot svært gamal.


Knivane i dette rommet kan ein grovt dele i to grupper : 1) *Stasknivar*, som namnet fortel, er mest brukt som pynt til bunad o.l. Desse har ofte sylvbeslag på slirene. 2) *Bruksknivar* som er laga for å vere i dagleg bruk. Ofte er desse likevel rikt utskorne i Aust-Agder. Det har vore ei sterk auke i interessa for tolleknivar i den seinare tid. På Dølemomarknaden og Dyresku'n i Seljord



Bretta jern med stål i mellom.



Knivblad av Aust-Agder type.



Aureform på skaftet.

utgjer knivhandlarar eit vesentleg innslag. Å skjere ut slirer, lage skaft og å smi knivblad har fått eit stort oppsving i Aust-Agder, der utforminga skil seg litt ut frå andre landsdelar og som interesserte lett kjenner att.

Knivbladet er det viktigaste på brukskniven. Ein skikkeleg tollekniv frå Aust-Agder kan ikkje ha eit fabrikkklaga knivblad i rustfritt stål. Nei, det skal vere eit stålstykk med jern bretta rundt, varma opp til rett temperatur og så banka saman. Deretter blir det *herda* for å gjere eggen glashard. Så blir bladet *lønna* for å gjere eggen seig. Det er viktig å få eggen både hard og seig. Alt dette krev lang erfaring og er ikkje lite av ein kunst. Til slutt blir bladet *slipa*. Blad frå Aust-Agder er kjent for å vere korte og kraftige. Landskjende smedar er Jørgen Romundstad frå Vegårshei og Olaf O. Mostad frå Gjerstad.


Skaftet skal vere laga av vakker ved. Særleg er *valbjørk* vanleg. Det er bjørk med ein arveleg "sjukdom" som gjer veden flammete med brune barkteikningar. *Knutar* av ymse lauvtre er òg ettertrakta. Dette er oppsvulmingar på trea etter soppangrep. Lønn er òg vanleg. Forma på skaftet skal etter gamalt vere som "å halde ein god, feit aure i neven." Fiskeforma er tydeleg. Skaftet kan vere lakka, men ekstra gjevt er det å bruke den gamle skikken med å gni det inn med kokt linolje.

Slira er som oftast laga av lær. I Aust-Agder er det vanlegast å skjere ut lêret. Landskjent sliremakar er Lars Fredriksen frå Nesgrenda. Han bruka same forma som i rosemåling og gamal treskurd, såkalla *akantus*.

Ein kan òg lage eit mønster i hard ved som blir *stempla* mot det våte lêret. Ein annan teknikk er *pauting*, ein presser lærmasse saman og forskyv den til eit opphøgd mønster. Endeleg har ein slirer i *uthola tre*, gjerne i same slag som i skaftet.

Eit gamalt Åmli-namn for knivslire er *knivskei*.

(Alle illustrasjonar er av Thomas Breivik.)



SPØRSMÅL/OPPGÅVER TIL "KNIVROMMET."

- 1) Undersøk kven det er som lagar slire, skaft eller knivblad i din kommune. Det er sikkert nokon!
- 2) Kva tyder ordet smed?
- 3) Kva kjem namnet tollekniv av?
- 4) Kva var ein skakniv?
- 5) Kva kalla dei bordkniven for før?
- 6) Gjer greie for korleis ein lagar eit godt handsmidd knivblad.
- 7) Kva er valbjørk?
- 8) Kva er modellen for eit knivskaft laga i Aust-Agder tradisjon?
- 9) Kva er akantus-form?
- 10) Nemn tre metodar som blir brukt til utsmykking av lærslira.

